

Landbrukstenester Sogn



Rettleiing for utfylling av timelister

Brukar: Gardbrukaren sitt namn og medlemsnummer. Det skal berre vera ein gardbrukar for kvar liste.

Avløyssar: Avløyssaren sitt namn og tilsettnummer.

Oppdraget gjeld: Her er det tre rubrikkar det kan kryssast i, men berre ein rubrikk skal kryssast i pr. liste.

- Ferie/fritid: **Avløyssaren må vera over 15 år.** Avløyssartilskotet.
- Sjukdom: Når bonden er sjukmeld. Søknadsskjema for refusjon.
- Andre oppdrag: Avløyssar under 15 år, nisje, diverse.

Avtalt timeløn: Dersom utfylling manglar set Landbrukstenester Sogn ei timeløn ut frå kjende opplysningar og lønstabell.

Dato og dag: Her fyller avløyssaren ut kvar einskild dato og vekedag han har avløyss.

Timar ordinært: Rekn ut dagens arbeidstimar og skriv desse i denne rubrikken. Ta også med overtids- og helgetimar her (minimum 2 timar pr. frammøte).

Dersom avløyssaren har vore sjuk skal han levera eigenmelding eller sjukmelding. Løn første 16 dagar vert dekkja av Landbrukstenester.

Delt dag: Set kryss (X) her ved delt dag.

Timar helg: Dersom avløyssaren skal ha helgetillegg for arbeid laurdag, søndag og andre helgedagar førast timane her og. Dersom ikkje anna kjem fram under ”merknader” eller i tilsetjingsavtale har avløyssaren rett på **50 % tillegg** (ifølgje styrevedtak i Landbrukstenester Sogn).

Timar overtid: Førast for seg sjølv i denne rubrikken dersom ikkje anna er avtalt.

Kjørde kilometer: Dersom det vert arbeidd delt dag (dvs. fjøsstell) skal det betalast køyre godtgjersle for ein tur fram og attende til arbeidsstaden.

Frå + retur/til + retur: Før opp stadane det er køyrt frå og til.

Merknader: Her kan det førast spesielle opplysningar.

Sum: Rekn saman timane for kvar kolonne

Underskrift: Bonden må alltid skriva under. Ved sjukdomsavløyssing må også avløyssaren alltid skriva under. Alle rubrikkane som skal fyllast ut må vera utfylte av avløyssaren før gardbrukaren skriv under.

Arbeidsavtale: Alle tilsette skal ha arbeidsavtale. Utanlandske arbeidstakarar må ha eigen avtale.

Nedste delen av lista vert fylt ut av Landbrukstenester Sogn.

Den kvite delen sendast Landbrukstenester Sogn (sjå adresse på timelista), gule del beheld bonden og den rosa er avløyssaren sin.